

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Engerdal

Emne: Lauving.

Bygdelag: Engerdal

Oppskr. av: Andreas Ropæid

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Per Nyhus, f. i Engerdal 1871. Bonde og skomakar
 Reodor Wardenær, f. i Engerdal 1921. Forr.förar i Trygdekassa.

Ola Nygaard, oml. 60 år. Bonde og pensjonatvert.
 SVAR

1. Det vert tatt litt lauv ennå.
 Lauvet er årvisst for^
2. Ein tar sommarløv like før slåtten tar til øg höst
 løv like etter at slåtten er unnagjort
 Ein tar mest björk, men og det rogn selje og "kvitvie" (vier) som ein kan få tak i.
 Det heiter å ta løv, vera på lövtakst.
3. Lauvet vert tatt med lövhakke eller lövskjöru (ei).
 Det er bakre enden av ein ljå, sett på eit stutt, rett skaft.
 Det vert ikkje brukt nokon reidskap til å böygja ned grinene med.
 Det var vanleg å "röspe" litt rogn, selje og kvitvie til kalvane. Ask og eik finns ikkje i bygda.
 Ein hadde ikkje noko på handa når ein röspe løv.
4. Det vanlege er å hogge ned dei trea som skal lauvast.
 Omgripet kylletre er ukjent.
5. Det vert laga kjerver som vert sett på lövkjell (ein). Dei rekna 2 snes på stören
 Kjervene vart rekna i snes a 20 kjerver. 5 snes er lik et hundre er lik 1 lass
6. Kjervene vert kjört heim på vinterføre.
 Arbeidet med lauvet er ikkje dugnadsarbeid.
7. Det er lite lauv i innmarka, men ~~det~~ ein tok det ein kunne få tak i der.
 Mannfolka skulle stelle til kjellen og dra opp, men kvinnfolka kunne vera med å skikke (opp kjervene) og alt arbeidet elles. O.N. rekna seg for flink til å lauve, han hadde tatt 155 kjerver på ein dag.

8. Heimem vert lauvet lagt på låven.
Ku, sau og geit får lauv.
9. Rogn og selje vert rekna like godt som töhöy; vert både röspe og tatt med kvisten på. Kvitvie vert og rekna som god.
10. Alm finnst ikkje i bygda.
- 11-15. Ukjent.

B.

- 1-9. Gamalt attende brukte dei å raka saman löv som dei hadde i mökkepanna. Dette er det nå slutt med.

Röspelövet bar dei heim i sekker og strödde det på låvegolvet.